

Delte meininger om utvida oppdrett

15.05.2011

Det er delte meininger blant politikarane om ei utviding av oppdrettsanlegga ved Skorpo og Djupevika. I formannskapet fekk utvidingatilstutning med 5 mot 3 og dei som røysta imot var Gunnar Våge (Sp), Øyvind Hardeland (Ap) og Håkon Røstbø (Ip)

Det gjeld utviding frå 3120 tonn til 4680 tonn biomase og Våge påpeika at det blir ein auke i indre del. Av Kvinnherad sjølv om utvidinga ikke fører til auka masse samla sett..

Røstbø innrømte at det uansett er fiskerisjefen som bestemmer, men det er viktig å seia frå. Hardeland streka under at oppdrettarane må ta tak i lusproblema. Dei må meir på banen slik at ein kan ha både villaks og oppdrettsslaks i framtida. Otto Benjaminsen (Krf) peika på at regjeringa legg rammene for biomasse og det kan ein ikke gjera noko med lokalt. No blir talet på anlegg redusert og det blir større avstand, noko som er ein fordel.

Ordførar Synnøve Solbakken opplyste at ei pålagt avgift kan bli gjort gjeldende for næringa før sommaeren. Den skal bli betalt til kommunane.

Av Ola Matti Mathisen